

# Styresak

---

Går til: Styremedlemmer  
Føretak: Helse Vest RHF  
Dato: 18.11.2013  
Sakhandsamar: **Oddvard Nilsen**  
Saka gjeld: **Styret si eigenevaluering for 2013**

**Arkivsak**  
2012/636  
**Styresak 145/13 B**

**Styremøte 04.12. 2013**

---

## Forslag til vedtak

1. Styret si eigenevaluering og vurdering av administrerande direktør i Helse Vest RHF, er gjennomført i ein elektronisk spørjeundersøking.
2. Styret si eigenevaluering og vurdering av AD må gjennomførast i alle HF-a og AS innan desember 2013. HF-a må nytte utarbeidd mal for HF-a.
3. Oppsummering blir oversendt Helse- og omsorgsdepartementet.

## Oppsummering

Det er eit krav i protokoll frå føretaksmøtet at styret for Helse Vest RHF og styra for helseføretaka evaluerer eiga verksemd årleg. Oppsummeringa av evalueringa skal vidareformidlast til eigar. Dette kravet er og formidla gjennom rettleiaren for styrearbeid i RHF-et.

## Fakta

Mal for styret si eigenevaluering og vurdering av administrerande direktør blei vedteken i styremøte 22. juni 2011 – sak 079/11 B.

Skjema for styret si eigenevaluering og vurdering av administrerande direktør er utfyllt elektronisk av alle styremedlemmer i forkant av styrebehandlinga, og oppsummering er sendt ut til styremedlemmene i forkant av møtet.

Det er det same skjemaet som blei brukt i 2011 og 2012, dette for at ein vil følge utviklinga over tid.

## Kommentarar

Sjølv om saksførelegget i saka ikkje er unntatt offentlegheit, rår styreleiar til at saka blir behandla i lukka møte. Ein viser til Helseføretakslova § 26 a, 2.ledd. nr. 1 som mellom anna har til formål å gi moglegheit for fortruleg diskusjon i saker der det er reelt og sakleg behov for det.

Vedlegg:

Oppsummering - Styret si eigenevaluering og vurdering av administrerande direktør, er sendt ut til styret. Vedlegget er u. off. jf. offentleglova § 14 første ledd.